

Budsjett 2015

Økonomiplan 2015-2018



Vedteke 17.12.2014 k-sak 087-14

Innhold

Godkjenning av budsjett og skattelegging	1
Godkjenning av økonomiplan	5
Rådmannen sine kommentarar	10
Økonomisk oversyn	15
Investeringar	20
Mva-koder – kontoplan	27
Driftsbudsjett	36



Seksjonane

Dato: 05.01.2015

Vår ref.: 14/435-18/K1-150//BVG

Saksbeh. e-post:

bvg@forsand.kommune.no

Saksbeh. tlf.: 51 700 108

Dykkar ref.:

Att:

Melding om vedtak

Godkjenning av budsjett og skattelegging for 2015

Kommunestyret behandla saka i møte den 17. desember 2014, og følgjande vedtak blei gjort:

1. Forsand kommune sitt budsjett for 2015, vert godkjent slik det ligg føre, med følgjande endringar/tillegg

Kode	Tiltak driftsbudsjett	2015	2016	2017	2018
	Auka kultur knytt til vedlikehald stier m.m.	150	150	150	150
	Stilling til førebyggjande arbeid for barn og unge (endre til prosjektstilling 3 år)	-	-	-	-
	Piano 2. stk	75			
	Prosjektstilling Helse- og sos	130			
	Ikkje reduksjon i støttekontakt	100			
	Barnetrygd må ikkje reknast med	150			

	Skriftlege bestillingar
S1	Ønskjer å få sak om kartfesting av innsamla lokale stadsnamn frå namneprosjektet på 70 tallet
S2	Ønskjer å seniorreglementet til revidering
S3	Ønskjer sak om gjeninnføring av eldreskyss

2. Skatt for 2015 vert å skrive ut med høgaste tillete proSENTSATS på inntekt og 0,7 % på formue.

3. I medhald av eigedomsskatteloven § 3, første ledd bokstav c, blir det skrevet ut eigedomsskatt på verk og bruk med kr. 7,- pr. kr 1.000 av skatteverdet.

Sjå vedlagte saksutgreiing.

For rådmannen

Bodil Vika Gjesteland
politisk sekretær



Forsand kommune

Saksframlegg

SAKSGANG		
Saksnr	Utval	Dato
044/14	Formannskapet	11.11.2014
053/14	Formannskapet	25.11.2014
087/14	Kommunestyret	17.12.2014

Arkivkode	Saksbehandlar	Arkivsak/j.post
K1-150	Søren Jensen	14/435 - 10 14/8018

Vedlegg:	Tittel	Dok.ID
Dok.dato		
08.12.2014	Formannskapet si tilråding til budsjett 2015	98811

Godkjenning av budsjett og skattelegging for 2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Forsand kommune sitt budsjett for 2015, vert godkjent slik det ligg føre.
2. Skatt for 2015 vert å skrive ut med høgaste tillete proSENTSATS på inntekt og 0,7 % på formue.
3. I medhald av eigedomsskatteloven § 3, første ledd bokstav c, blir det skrevet ut eigedomsskatt på verk og bruk med kr. 7,- pr. kr 1.000 av skatteverdet.

Behandling i Formannskapet 11.11.2014

Ole Tom Guse sette på vegne av Krf. fram følgjande framlegg:

Kode	Tiltak driftsbudsjett	2015	2016	2017	2018
NYTT	Auka kultur knytt til vedlikehald stier m.m.	200	200	200	200

Skriftlege merknader budsjett

Ønskjer å få sak om kartfesting av innsamla lokale stadsnamn frå namneprosjektet på 70 tallet

Kåre Oaland sette på vegne av Høgre fram følgjande framlegg:

Kode	Tiltak driftsbudsjett	2015	2016	2017	2018
215	Kultur. Vedlikehald turstiar/friluftstiltak.	50.000			
216	Piano 1.Stk.	37.500			
Sbl	Servicebygg Lysebotn Oppussing	500			

Høgre sine Skriftlege merknader budsjett
<p>Sentral adm:</p> <ul style="list-style-type: none"> -Trådlaust nett på heile Forsandheimen -Sak om seniorreglement, med tanke på evt. innsparingar.
<p>Barnehagen:</p>
<p>Helse og sosial:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Konsekvensutredning ang. evt. endringar på prosjekt enkeltbrukar. - Vurdere skyssordning etter tidlegare modell. - Barnetrygd, ta denne med i vurderinga ved økonomisk stønad. - Ikkje kutte i støttekontakttenesta, men kanskje være litt meir atterhalden med kven som får. (Ikkje meint som kritikk på dagens praksis.)
<p>Kultur:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vurdere meir dugnad/frivillige til vedlikehald av turstiar og friluftstiltak, for om mulig å få meir ut av pengane. Evt. andre kreative løysningar. Kva med SMIL? - Kulturskulen, Om alle gode ønskjer skulle bli innfridd, blir det då behov for meir undervisningspersonell?
<p>P.L.O.:</p>
<p>Skulen:</p>
<p>Teknisk:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Få fart på salg av eigedommar. - Prioritera vedlikehald av vegar og bygg.

Margareth Gjose Larsen sette på vegne av Ap. fram følgjande forslag:

Helse og sosial. Kan det leggst inn ein auke på refusjon før dette er avklart?

Legevakt ordninga og er vel ikkje avklart?

Er imot og ta fra dei familiare så slit mest, kor mye sparer me på årekna barnetrygda inn som inntekt ?

Kutt i støttekontakt tenesta for eldre i institusjon/omsorgsbustader, dette er me imot: går det ann å se på andre løysningar der ein bruker frivillige. Kor blir det av Frivillighetsentralen ? trudde me hadde diskutert dette ,er det någen som har tengt meir på det i administrasjonen.

Drift på Friluftsliv/tiltak : auka dette med 50000. kan tas fra innsparingar i Forsand sokneråd, ser ikkje ut fra dette budsjettet at dei har tatt innsparing på 2%

PLO, Blir det utkjørt middag til eldre? kor går event grensa for utkjøring?

Piano 2 stk. 75 000,-

Sak om frivillighetssentral

Ingeborg L. Søyland sette på vegne av Sp. fram følgjande framlegg.

Spørsmål om 1mill ATO

Ny stilling- meir info

Vedlikehald friluftstiltak 150 000

Prosjekt: må vurderast. Kan bli videreført

Inge Håvard Aarskog sette på vegne av Frp fram følgjande framlegg.

Espedal/Fraffjord avsetning til vegfond (frå Fond) 30 + 20=50.mill 2017

Friluftstiltak (drift av anlegg 50 000 – 2015

Vedlikehald bygg + veg 100 000 – 2015

Barnehage reduksjon av tilsette haustsen – 200 000 – 2015

Helse- og sosial – Nytt tiltak : stilling til førebyggjande arbeid for barn og unge - vurdere som prosjektstilling i 2 år

Kor mykje utgjer innsparingstiltaket vedr. økonomisk stønad basert på å ta barnetrygda inn som inntekt i sosialhjelpssatsen.

Spørsmål til administrasjonen:

Spørsmål om to pianoer til kulturskulen:

Leiar for kultur orienterer:

Treng verken ombygging eller meir personale. Har alt i dag tilsett to lærarar som med piano som fag. Derfor og ønskje om 2 stk. Elevtalet er fullbooka, med 12 stk. på venteliste. Piano er alltid etterspurt og eit populært kulturskuletilbod. Saken er fornying, kulturskulen driv opplæring for betaling og må såleis ha ein minstemålskvalitet på instrumenta. Ombygging går bl.a. på lydisolering/isolering av støy som er nødvendig, men ikkje for bare for desse to nye instrumenta.

Spørsmål om innsparingspotensiale om barnetrygd tas inn som inntekt i sosialhjelpssatsen:

Leiar for helse og sosial orienterer:

Med nåverande brukarar, kan det bli mellom kr 100.000 og kr 150.000. Men alt avheng i forhold til kor mange tilleggssøknader vi får frå barnefamiljar.

Spørsmål om levering av mat frå kjøkkenet på Forsandheimen:

Leiar for pleie og omsorg orienterer:

Det blir levert mat i omsorgsboliger og trygdeboliger, men det er jo svært lokalt her under samme tak. I tillegg blir det levert til 3 stk. «ute på bygda», det er fordi vi har ærend der i forbindelse med måltidet (medisinar etc. og hjelp til oppvarming og tilrettelegging). I slike tilfeller ville vi jo måtte komme ut om det var hjelp til oppvarming av Fjordland.

Vi har ingen grenser for kor langt vi må kjøre for å levere mat til heimeboende, men i følge forskrift til mat hygiene skal maten holde en viss temperatur ved servering. Vi nyttar en isoporbag/-kasse. Så må vi sjå det i samanheng med kvardagsrehabilitering; hvis det er personer som har potensiale til trening/opptrening som også inkluderer det å lage eller varme opp mat, så settar vi inn treningstiltak der.

Spørsmål om omlegging av turnus med innsparing på kr 130.000:

Leiar for pleie og omsorg orienterer:

Nattevakta i PLO har i dag det faste tilsynet. I mange tilfeller har bebuar vore oppe/våken, men det har gått greitt. PLOs nattevakter er kvalifiserte med lang erfaring, men med denne brukaren som nokre andre, trengs det kanskje litt ekstra info og rettleiing i periodar, enten frå spesialistenesta eller anna lokal kompetanse. Eg ser for meg at det også her kan vera behov for rettleiing frå det faste personalet. Gjennomgang av dokumentasjonen frå 01.11.13 syner at det bare er ein gong ein har tilkalla det faste personell som da er sovande nattevakt.

Spørsmål i samband med forslag om ny førebyggjande stilling:

Rådmannen orienterer:

Som det blei sagt på møtet i formannskapet treng me ein blekksprutt. Personlege eigenskaper vil vere heilt sentrale når det skal lysas ut og tilsettas i stillinga. For å få best muleg utbytte vil det vere avgjerande med samarbeid og koordinering på tvers av seksjonar. Det må leggjast til rette for at personen i stillinga kjem inn i rette arena og får kontakt med relevante samarbeidspartnare. Administrasjonen vil derfor planlegge dette nøye før utlysning og tilsetting.

Formannskapet vil realitetsbehandla godkjenning av budsjett 2015 i formannskapsmøte den 25. november 2014.

FS-044/14 Vedtak:

.....

Felles budsjettforslag 2015

Kode	Tiltak driftsbudsjett	2015	2016	2017	2018
	Auka kultur knytt til vedlikehald stier m.m.	150	150	150	150
	Stilling til førebyggjande arbeid for barn og unge (endre til prosjektstilling 3 år)	-	-	-	-
	Piano 2. stk	75			

	Skriftlege bestillingar				
S1	Ønskjer å få sak om kartfesting av innsamla lokale stadsnamn frå namneprosjektet på 70 tallet				
S2	Ønskjer å seniorreglementet til revidering				
S3	Ønskjer sak om gjeninnføring av eldreskyss				

Framlegg frå Sp.

Kode	Tiltak driftsbudsjett	2015	2016	2017	2018
	Prosjektstilling Helse- og sos	130			

Framlegg frå Ap.

Kode	Tiltak driftsbudsjett	2015	2016	2017	2018
	Barnetrygd må ikkje reknast med	150			
	Ikkje reduksjon i støttekontakt	100			

Ved avrøysting røysta ein punktvis over innkomne framlegg:

Framlegg frå Sp. vedr. prosjektstilling Helse- og sos.- røysta 3 for framlegget frå Sp. 2 røyster vart avgitt for rådmannen si tilråding (Krf. Kåre Oaland, H)

Framlegg frå Ap. vedr. barnetrygd – røysta 1 for framlegget (ap) 4 røysta for tilrådinga frå rådmannen

Framlegg frå Ap. vedr.støttekontakt – røysta 3 for framlegget frå Ap. 2 røysta for tilrådinga frå rådmannen (Krf.Sp)

Felles framlegga – samrøystes tilrådd.

Tilrådinga frå rådmannen til pkt. 2 og 3 samrøystes tilrådd.

FS-053/14 Vedtak:

1. Forsand kommune sitt budsjett for 2015, vert godkjent slik det ligg føre, med følgjande endringar/tillegg

Kode	Tiltak driftsbudsjett	2015	2016	2017	2018
	Auka kultur knytt til vedlikehald stier m.m.	150	150	150	150
	Stilling til førebyggjande arbeid for barn og unge (endre til prosjektstilling 3 år)	-	-	-	-
	Piano 2. stk	75			
	Prosjektstilling Helse- og sos	130			
	Ikkje reduksjon i støttekontakt	100			

	Skriftlege bestillingar
S1	Ønskjer å få sak om kartfesting av innsamla lokale stadsnamn frå namneprosjektet på 70 tallet
S2	Ønskjer å seniorreglementet til revidering
S3	Ønskjer sak om gjeninnføring av eldreskyss

2. Skatt for 2015 vert å skrive ut med høgaste tillete proSENTSATS på inntekt og 0,7 % på formue.
3. I medhald av eigedomsskatteloven § 3, første ledd bokstav c, blir det skrevet ut eigedomsskatt på verk og bruk med kr. 7,- pr. kr 1.000 av skatteverdet.

Behandling i Kommunestyret 17.12.2014

Silje Wiik sette på vegne av Ap fram følgjande framlegg:

Barnetrygd må ikkje reknast med – 150 000 - 2015

Framlegget frå Ap blei samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå formannskapet til pkt. 1,2 og 3 blei samrøystes vedteke.

KS-087/14 Vedtak:

1. Forsand kommune sitt budsjett for 2015, vert godkjent slik det ligg føre, med følgjande endringar/tillegg

Kode	Tiltak driftsbudsjett	2015	2016	2017	2018
	Auka kultur knytt til vedlikehald stier m.m.	150	150	150	150
	Stilling til førebyggjande arbeid for barn og unge (endre til prosjektstilling 3 år)	-	-	-	-
	Piano 2. stk	75			
	Prosjektstilling Helse- og sos	130			
	Ikkje reduksjon i støttekontakt	100			
	Barnetrygd må ikkje reknast med	150			

	Skriftlege bestillingar
S1	Ønskjer å få sak om kartfesting av innsamla lokale stadsnamn frå namneprosjektet på 70 tallet
S2	Ønskjer å seniorreglementet til revidering
S3	Ønskjer sak om gjeninnføring av eldreskyss

2. Skatt for 2015 vert å skrive ut med høgaste tillete proSENTSATS på inntekt og 0,7 % på formue.
3. I medhald av eigedomsskatteloven § 3, første ledd bokstav c, blir det skrevet ut eigedomsskatt på verk og bruk med kr. 7,- pr. kr 1.000 av skatteverdet.



Seksjonane

Dato: 05.01.2015

Vår ref.: 14/435-17/K1-150//BVG

Saksbeh. e-post:

bvg@forsand.kommune.no

Saksbeh. tlf.: 51 700 108

Dykkar ref.:

Att:

Melding om vedtak

Godkjenning av økonomiplan 2015 - 2018

Kommunestyret behandla saka i møte den 17. desember 2014, og følgjande vedtak blei gjort:

Kommunestyret godkjenner økonomiplan 2015 – 2018 slik den ligg føre, med følgjande tillegg/endingar:

Kode	Tiltak investeringsbudsjett	Finans	2015	2016	2017	2018
ØSU	Øyren sentrumsutvikling (skyve)	Kraftfond		500		
M01	Veg, fortau, rasvoll (skyve)	MVA	500	5000		
M02	Avløpsnett ned myra (skyve) (skyve)	Lån		2500		
SOF	Turstiar og friluftsliv (auke)	Disp. fond	1000	500		
HVA	Hovudplan avløp (skyve)	Lån		9500	2500	
KFL	Fliser kommunehus (Skyve, kommunereform)	Kapitalfond		100		
GMT	Gravemaskin teknisk (stryke)	Disp.fond	0			
PPA	Programvare ProAktiv (Skyve, kommunereform)	MVA		140		
LOD	Lokaler dramagrappa (framskynde)	Kapitalfond	250			
ESP	Tunnelen Espedal-Frafjord	Vegfond m.m				50000
AKT	Aktivitetspark Rygjaskaret	Kraftfond		150		
M15	Minitraktor. Fortsette leasing	Disp.fond	0			
119	Næringsbygg Bergekrossen	Kraftfond	200			
Røy	Renseanl. Øyren.	Kapitalfond			150	0
TBB	Tømme plass bubil/båt	Kapitalfond		105		
BMN	Breidband og mobilnett	Fondsmidler		6000		
KB2	Oppgrad/rehabilitering strykes	Lån			0	
710	Kommunehuset, utskifting av lysarmaturer og varmeovner (Skyve, kommunereform)	MVA		400		
NAV	2 nye kontor NAV (Skyve, kommunereform)	Kapitalfond		250		
SBL	Servicebygg Lysebotn (oppruste det gamle)	Kapitalfond	600			
PPT	Øyren parkering (stryke)	Kraftfond	0			
STI	Bergekleiva – Bergevik	Kraftfond		500		
755	Utviding bru Røssdalen (tilskot)	utgå				
GSH	Gang og sykkelstiplan Helle-Mælsmoen	Kapitalfond			100	

Sjå vedlagte saksutgreiing.

For rådmannen

Bodil Vika Gjesteland
politisk sekretær



Forsand kommune

Saksframlegg

SAKSGANG		
Saksnr	Utval	Dato
043/14	Formannskapet	11.11.2014
052/14	Formannskapet	25.11.2014
086/14	Kommunestyret	17.12.2014

Arkivkode	Saksbehandlar	Arkivsak/j.post
K1-150	Søren Jensen	14/435 - 11 14/8019

Vedlegg: Dok.dato	Tittel	Dok.ID
08.12.2014	Formannskapet si tilråding til økonomiplan 2015 - 2018	98812

Godkjenning av økonomiplan 2015 - 2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner økonomiplan 2015 – 2018 slik den ligg føre.

Behandling i Formannskapet 11.11.2014

Inge Håvard Aarskog sette på vegne av Frp. fram følgjande forslag:

MO1 – Veg, fortau, rasvoll (trafikk sikring) Myra – 1 000 – (2016) 4500 2017)

BRB – usikker brannbil

OHS ombygging helsesenter lege/fysioterapi utsettes

SOF turstiar 500 + 1000 (2015)

LOD lokale dramagruppe (kino 250 (2015)

NAV Nav kontor 250 (2016)

M15 minitraktor 300 (2016)

GMT Gravemaskin – leige av elverket

Sal av kommunale egedomar 1 000 (2015)

Ingeborg L. Søyland sette på vegne av Sp. fram følgjande forslag:

Tunnel EF: 20 mill i 2018.vegfondet

Mo1: flytta til 16-17

LOD: flytta til 2015

SOF: 1,5mill

Margareth Gjose Larsen sette på vegne av Ap. fram følgjande forslag:

ØSU Øyren sentrumsutvikling til 2016

SOF Turstiar og friluft + 200 000

NAV2 nye kontor nav ?

KFL fliser kommunehus nede til 2016

SBL Servicebygg Lysebotn pris

PPB Bergekleiva parkering nede til 2017

GMT gravemaskin teknisk ?

M15 Minitraktor teknisk ?

Nye tiltak:

Tømme plass for bubilar / båtar: Kan dette innarbeidast i Hovedplan for avløp eller andre prosjekt for avløp?

Gang og sykkelsti Helle – Mælsmoen: sette av midler til utredning / forprosjekt : kr. 100.000,-

Piano kulturskolen: kan dette gå på investering; Kr. 150.000

Turstiar: sti Bergevik – auka kostnad + kr. 200.000

Tiltak for å sikre ungdom /førstegongsetablerare får tilbod om «rimelige» leiligheter /boliger?

Kåre Oaland sette på vegne av H fram følgjande forslag:

Kode	Tiltak investeringsbudsjett	Finans	2015	2016	2017	2018
Øsu	Øyren Sentrumsutvikling	Kraftf.		500		
Tju	Tørejuvet	Kraftf.		350?		
Sti	Sti Bergekleiva- Bergevik	Kraftf.			500	
M01	Veg fortau Myra.	Mva. 1 Disp. 4,5		1000	4500	
M02	Avlaup Myra.	Lån		2500		
Sof	Turstiar/friluft. Kva er dette tenkt brukt til?	Disp.	500			
Røy	Renseanl. Øyren.	Kapf.			1500	
Hva	Hovudplan avlaup.	Lån		9500	2500	

Ohs	Ombygging Helsesenter/ Fysioterapi.	Lån		2880		
755	Utviding bru Røssdalen. Kan yta tilskot til utviding.	Kraftf	Innt.			
			100			
Gmt	Gravemask. Teknisk (Leige ved behov)	Disp	0			
KB2	Oppgrad/rehabilitering Kommunale bygg. Kva er Dette ?	Lån	0			
M15	Minitraktor. Fortsette leasing		0			
119	Næringsbygg Bergekrossen	Kraft	200			
LOD	Lokaler dramagruppe (kino)	Kap.f.		250		
SBL	Servicebygg Lysebotn Vedlikehald eksisterande bygg0,5 mill til drift					
BRB	Bil brannvesenet	Disp		600		

Ole Tom Guse sette på vegne av Krf. fram følgjande framlegg.

Kode	Tiltak investeringsbudsjett	Finans	2015	2016	2017	2018
ØSU	Øyren sentrumsutvikling (skyve)	Kraftfond		500		
M01	Veg, fortau, rasvoll (skyve)	MVA		1000	4500	
M02	Avløpsnett ned myra (skyve) (skyve)	Lån		2500		
710	Kommunehuset, utskifting av lysarmaturer og varmeovner (Skyve, kommunereform)	MVA		400		
SOF	Turstiar og friluftsliv (auke)	Disp. fond	700			
HVA	Hovudplan avløp (skyve)	Lån	-??	-??		
NAV	2 nye kontor NAV (Skyve, kommunereform)	Kapitalfond		250		
KFL	Fliser kommunehus (Skyve,	Kapitalfond		100		

	kommunereform)					
SBL	Servicebygg Lysebotn (oppruste det gamle)	Kapitalfond	700			
PPB	Bergekleiva parkering nede (stryke)	Kraftfond	0			
PPT	Øyren parkering (stryke)	Kraftfond	0			
GMT	Gravemaskin teknisk (stryke)	Disp.fond	0			
PPA	Programvare ProAktiv (Skyve, kommunereform)	MVA		140		
LOD	Lokaler dramagruppa (framskynde)	Kapitalfond	250			
ESP	Tunnelen Espedal-Frafjord	Vegfond m.m				50.000
NYTT	Aktivitetspark Rygjaskaret	Kraftfond	150			

Spørsmål til administrasjonen:

Bakgrunn for behov for ny brannbil – etter framlegg frå brannsjefen i Strand og Forsand gjennom fleire år.

MO1 - - kan ein utsetja tiltaket då reguleringsplanen er til ny behandling
Kr. 500 000,- bør stå i 2015 for at tankane kan gravast ned – rest i 2016

OHS – ombygging av helsesenter lege/fysio –
Kr. 300 000,- kan utgå dersom fysioterapi flytter til Bergekrossen, vidare kan ei minimum løysning vera å behalda kr. 500 000,- til skifte av gulvbelegg + eitt nytt kontor resten kan utsetjas.

NAV - 2 kontor –
Frigi møterommet som i dag blir nytta som kontor + eitt nytt kontor til ATO.

SBL Servicebygg Lysebotn-
Toalettbygg koster kr. 1 050 000,- kr. 450 000,- til grunnarbeid m.m.
Teknisk tilrår nybygg då det gir dobbel kapasitet (4.toalett)

PPB Parkeringsplass Bergekleiva
Nytt tiltak – teknisk sin vurdering er at det er behov for parkeringsplass i Bergekleiva (nedre gate v/leikeplassen)

Gang- og sykkelsti Helle - Mælsmoen
Må inn i trafikksikringsplanen – samt fylkeskommunen må prioritera tiltaket med midler.
Elles må kommunen forskotere kostnaden som er på om lag 15.mill.

Tømmeplass for bubilar / båtar:

Tømme plass for bular kan etablerast uavhengig av avløpsplanen. Skal koma tilbake til eventuell lokalisering og kostnadar.

755 Kommunalt ansvar for vedlikehald bru Røssdalen ?

Ryfylke Friluftsråd har ansvar for vedlikehald av veg, og me kjem tilbake til ansvar for bruene.

KB2 Oppgradering kommunale bygg

Dette kan utgå – grunna vedlikehaldsarbeidet har blitt prioritert dei seinare år, vil det ikkje vera behov for slikk samla oppgradering.

Formannskapet vil realitetsbehandla godkjenning av økonomiplan 2015 – 2018 i formannskapsmøte den 25. november 2014.

FS-043/14 Vedtak:

.....

Behandling i Formannskapet 25.11.2014

Fellesframlegg:

Kode	Tiltak investeringsbudsjett	Finans	2015	2016	2017	2018
ØSU	Øyren sentrumsutvikling (skyve)	Kraftfond		500		
M01	Veg, fortau, rasvoll (skyve)	MVA	500	5000		
M02	Avløpsnett ned myra (skyve) (skyve)	Lån		2500		
SOF	Turstiar og friluftsliv (auke)	Disp. fond	1000	500		
HVA	Hovudplan avløp (skyve)	Lån		9500	2500	
KFL	Fliser kommunehus (Skyve, kommunereform)	Kapitalfond		100		
GMT	Gravemaskin teknisk (stryke)	Disp.fond	0			
PPA	Programvare ProAktiv (Skyve, kommunereform)	MVA		140		
LOD	Lokaler dramagrupper (framskynde)	Kapitalfond	250			
ESP	Tunnelen Espedal-Frafjord	Vegfond m.m				50000
AKT	Aktivitetspark Rygjaskaret	Kraftfond		150		
M15	Minitraktor. Fortsette leasing	Disp.fond	0			
119	Næringsbygg Bergekrossen	Kraftfond	200			
Røy	Renseanl. Øyren.	Kapitalfond			1500	
TBB	Tømme plass bubil/båt	Kapitalfond		105		
BMN	Breidband og mobilnett	Fondsmidler		6000		
KB2	Oppgrad/rehabilitering strykes	Lån			0	

Framlegg frå Krf.

Kode	Tiltak investeringsbudsjett	Finans	2015	2016	2017	2018
710	Kommunehuset, utskifting av lysarmaturer og varmeovner (Skyve, kommunereform)	MVA		400		
NAV	2 nye kontor NAV (Skyve, kommunereform)	Kapitalfond		250		
SBL	Servicebygg Lysebotn (oppruste det gamle)	Kapitalfond	600			
PPB	Bergekleiva parkering nede (stryke)	Kraftfond	0			
PPT	Øyren parkering (stryke)	Kraftfond	0			

Framlegg frå Høgre

Kode	Tiltak investeringsbudsjett	Finans	2015	2016	2017	2018
STI	Bergekleiva – Bergevik	Kraftfond			500	
BRB	Bil brannvesenet	Disp		600		
755	Utviding bru Røssdalen (tilskot)		100			
OHS	Ombygging helsesenter/fysio	Lån		2880		

Framlegg frå Ap.

Kode	Tiltak investeringsbudsjett	Finans	2015	2016	2017	2018
GSH	Gang og sykkelstiplan Helle-Mælsmoen	Kapitalfond			100	

Ved avrøysting røysta ein punktvis over innkomne framlegg:

Framlegg frå Krf vedr. kommunehuset, utskifting osv – røysta 4 for framlegget frå Krf. 1 røyst blei avgitt for for rådmannen si tilråding (Ap)

Framlegg frå Krf vedr. NAV 2 nye kontor NAV – framlegget frå Krf vart samrøystes tilrådd.

Framlegg frå Krf vedr. SBL Servicebygg Lysebotn – røysta 3 for framlegget frå Krf , 2 røysta for rådmannen sitt framlegg (Ap. Sp)

Framlegg frå Krf vedr. PPB Bergekleiva parkering – røysta 1 for framlegget frå Krf. – 4 røysta for rådmannen si tilråding.

Framlegg frå Krf vedr. Øyren parkering –røysta 4 for framlegget frå Krf.1 røysta blei avgitt for rådmannen si tilråding.(Sp)

Framlegg frå Høgre vedr. Sti Bergekleiva – røysta 3 for framlegget frå Høgre, 2 røysta for rådmannen si tilråding (Krf.Sp)

Framlegg frå Høgre vedr. Brannbil – røysta 2 for framlegget frå Høgre, 3 røysta for rådmannen si tilråding.

Framlegg frå Høgre vedr. ombygging helsesenter/fysio – røysta 2 for framlegget frå Høgre, 3 røysta for rådmannen si tilråding.

Framlegg frå Ap. vedr. gang- og sykkelstiplan Helle – Mælsmoen – framlegget vart samrøystes tilrådd.

Framlegg frå Høgre vedr. utviding av bruk Røssdalen - røysta 3 for framlegget frå Høgre (H-Ap.) 2 røyster vart avgitt for rådmannen si tilråding.

Felles framlegg – samrøystes tilrådd.

FS-052/14 tilråding:

Kommunestyret godkjenner økonomiplan 2015 – 2018 slik den ligg føre, med følgjande tillegg/endingar:

Kode	Tiltak investeringsbudsjett	Finans	2015	2016	2017	2018
ØSU	Øyren sentrumsutvikling (skyve)	Kraftfond		500		
M01	Veg, fortau, rasvoll (skyve)	MVA	500	5000		
M02	Avløpsnett ned myra (skyve) (skyve)	Lån		2500		
SOF	Turstiar og friluftsliv (auke)	Disp. fond	1000	500		
HVA	Hovudplan avløp (skyve)	Lån		9500	2500	
KFL	Fliser kommunehus (Skyve, kommunereform)	Kapitalfond		100		
GMT	Gravemaskin teknisk (stryke)	Disp.fond	0			
PPA	Programvare ProAktiv (Skyve, kommunereform)	MVA		140		
LOD	Lokaler dramagruppa (framskynde)	Kapitalfond	250			
ESP	Tunnelen Espedal-Frafjord	Vegfond m.m				50000
AKT	Aktivitetspark Rygjaskaret	Kraftfond		150		
M15	Minitraktor. Fortsette leasing	Disp.fond	0			
119	Næringsbygg Bergekrossen	Kraftfond	200			
Røy	Renseanl. Øyren.	Kapitalfond			150 0	
TBB	Tømme plass bubil/båt	Kapitalfond		105		
BMN	Breidband og mobilnett	Fondsmidler		6000		
KB2	Oppgrad/rehabilitering strykes	Lån			0	
710	Kommunehuset, utskifting av lysarmaturer og varmeovner (Skyve, kommunereform)	MVA		400		
NAV	2 nye kontor NAV (Skyve, kommunereform)	Kapitalfond		250		
SBL	Servicebygg Lysebotn (oppruste det gamle)	Kapitalfond	600			
PPT	Øyren parkering (stryke)	Kraftfond	0			
STI	Bergekleiva – Bergevik	Kraftfond			500	
755	Utviding bru Røssdalen (tilskot)		100			
GSH	Gang og sykkelstiplan Helle-Mælsmoen	Kapitalfond			100	

Behandling i Kommunestyret 17.12.2014

Ingeborg L. Søyland sette på vegne av Sp fram følgjande framlegg.

SBL Servicebygg Lysebotn 1,5 mill kapitalfondet
STI Sti Bergekleiva-Bergevik 500 tusen i 2016

Kåre Oaland sette fram følgjande framlegg:

Punkt 755 – utviding bru Røssdalen – utgår.

Thore Håland sette fram følgjande framlegg.

ESP – Tunnelen Espedal –Frafjord utgår.

Ved røysting røysta ein over innkomne framlegg:

Framlegg frå Høgre vedr. punkt 755 – bru Røssdalen –blei samrøystes vedteke
 Framlegg frå Sp.vedr.SBL servicebygg Lysebotn – røysta 6 for framlegget (Sp. Ap. Thore Håland, Uavh.).11 røysta for tilrådinga frå formannskapet.
 Framlegg frå Sp vedr.STI Bergekleiva – Bergevik - røysta 13 for framlegget (Sp.Krf. Ap. Inge Håvard Aarskog, Frp. Bjarte Dagestad, H, Thore Håland, Uavh.) 4 røysta for tilrådinga frå formannskapet.
 Framlegg frå Thore Håland vedr. tunnell Espedal – Frafjord – røysta 1 for framlegget, 16 røysta for tilrådinga frå formannskapet.

KS-086/14 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner økonomiplan 2015 – 2018 slik den ligg føre, med følgjande tillegg/endingar:

Kode	Tiltak investeringsbudsjett	Finans	2015	2016	2017	2018
ØSU	Øyren sentrumsutvikling (skyve)	Kraftfond		500		
M01	Veg, fortau, rasvoll (skyve)	MVA	500	5000		
M02	Avløpsnett ned myra (skyve) (skyve)	Lån		2500		
SOF	Turstiar og friluftsliv (auke)	Disp. fond	1000	500		
HVA	Hovudplan avløp (skyve)	Lån		9500	2500	
KFL	Fliser kommunehus (Skyve, kommunereform)	Kapitalfond		100		
GMT	Gravemaskin teknisk (stryke)	Disp.fond	0			
PPA	Programvare ProAktiv (Skyve, kommunereform)	MVA		140		
LOD	Lokaler dramagrupper (framskynde)	Kapitalfond	250			
ESP	Tunnelen Espedal-Frafjord	Vegfond m.m				50000
AKT	Aktivitetspark Rygjaskaret	Kraftfond		150		
M15	Minitraktor. Fortsette leasing	Disp.fond	0			
119	Næringsbygg Bergekrossen	Kraftfond	200			
Røy	Renseanl. Øyren.	Kapitalfond			150 0	
TBB	Tømmeplass bubil/båt	Kapitalfond		105		
BMN	Breidband og mobilnett	Fondsmidler		6000		
KB2	Oppgrad/rehabilitering strykes	Lån			0	
710	Kommunehuset, utskifting av lysarmaturer og varmeovner (Skyve, kommunereform)	MVA		400		
NAV	2 nye kontor NAV (Skyve, kommunereform)	Kapitalfond		250		
SBL	Servicebygg Lysebotn (oppruste det gamle)	Kapitalfond	600			
PPT	Øyren parkering (stryke)	Kraftfond	0			
STI	Bergekleiva – Bergevik	Kraftfond		500		
755	Utviding bru Røssdalen (tilskot)	utgår				
GSH	Gang og sykkelstiplan Helle-Mælsmoen	Kapitalfond			100	



Forsand kommune

Rådmannen

Saksbeh
Søren Jensen

Ref.
14/435-8

Arkivkode
/K1-150

Dato:
29.10.2014

Kommentarar til Budsjett 2015 og Økonomiplan 2015-2018

1. Generelt

Med det ein viser til kommunelova § 45, legg ein med dette fram budsjettforslag for Forsand kommune for 2015. Kommunestyret skal vedta budsjettet samstundes med at det i medhald av skattelova § 139, gjer vedtak om skattelegging. Budsjettet bygger elles på innhenta framlegg frå dei ymse sektorar, råd og styrer, samt vedtatt økonomiplan for 2014-2017. Det er i samsvar med føresegnene laga eit kapitalbudsjett og eit driftsbudsjett, kor kapitalbudsjettet viser investeringane og finansieringa av desse.

2. Vedtak om skattelegging og budsjett.

Av rundskriv frå kommunal- og arbeidsdepartementet går det fram at det skal gjerast vedtak om forskot på skatt for inntektsåret 2015.

3. Føresetnad for reell budsjettering

I følgje kommunelova § 46, skal budsjettet vere ein plan for kommunen sine utgifter og inntekter i budsjettåret. Alle pårekna inntekter og utgifter skal vere med og budsjettet skal settast opp i balanse.

Det vedtekne budsjettet er bindande for kommunale myndigheiter sin forvaltning i budsjettåret.

Det vert vidare lagt til grunn at:

- Budsjettet skal haldast innanfor ei forsvarleg økonomisk totalramme.
- Låneskulda skal haldast på eit forsvarleg nivå. Låneopptaka må ikkje overstige det kommunen vil makte å forrente og amortisere i tillegg til dei auka driftsutgiftene investeringane vil føre med seg.
- Det må ikkje forskotterast meir av kontantmidlane enn omsynet til forsvarleg likviditet til ei kvar tid tilseier.
- Det er kommunen sjølv, og då først og fremst formannskapet og kommunestyret som har hovudansvaret for å halde verksemda innanfor ramma av dei kommunale ressursane som kan påreknast.
- Dei kommunale seksjonane, utval og råd, deler og dette ansvaret. Det er difor viktig for alle parter å følgje utviklinga gjennom året og gripe inn om det er naudsynt.

4. Økonomisk opplegg frå regjeringa

Vekst i samla inntekter.

Regjeringa legg i statsbudsjettet opp til at kommunesektoren får en vekst i de samla inntektene på kr 6,2 mrd. og vekst i de frie inntektene på kr 4,4 mrd. i 2015. Veksten er målt i forhold til nivået i RNB 2014. Veksten i de frie inntektene på kr 4,4 mrd. fordeles med kr 3,9 mrd. til kommunane og kr 0,5 mrd. til fylkeskommunane.

Inntektssystemet

Rammetilskotet vert fordelt til kommunane gjennom inntektssystemet. Endringane i kriteria for rammetilskot faller ikkje positivt ut for Forsand kommune. Satsingsområdene i Regjeringa sitt budsjettforslag skal finansierast og dette går mellom anna ut over nivået på tilskotet til Forsand.

5. Kommunen sin økonomi

Kommunen har fortsatt ein brukbar totaløkonomi, trass i at rammene har blitt svekka dei siste åra. Utgiftene har auka som følgje av relativ gode lønsoppgjer, vedlikehald av kommunale eigedomar, nye fosterbarn og fleire tunge brukarar innan helse- og skulevesenet. Samstundes har ikkje inntektene auka tilsvarande. Prognosane for skatt og rammetilskot syner at denne trenden fortsetter.

Eigedomsskatten på eksisterande kraftverk har til dels stagnert på grunn av eit stortingsvedtak som seiar at når ein har kome til eit skattemessig tak, har kommunane ikkje anledning å ta ut meir eigedomsskatt frå objektet. Dette betyr at staten og eigarane av kraftverket får del i denne meirauken som kommunane skulle hatt. LVK arbeidar fremdeles med saka og vil prøva å få endra dette stortingsvedtaket.

For å oppretthalde dagens nivå i dei kommunale tilboda, er det naudsynt å sjå på mogleg auke i inntekter. I rådmannens forslag til budsjett for 2015 er det lagt inn en føresetnad om at kommunen hentar ut kr 3,0 mill. frå Forsand Elverk. En auke bør vurderast for å konsolidere den eksisterande drifta eller skape rom for nye tiltak.

Utbygging av ny kraftstasjon i Lysebotn, samt nye linjelegg, vil kunne gje meirinntekt i form av skattar. Det er viktig at kommunen krev inn eigedomsskatt allereie når utbygginga starter i Lysebotn (jmf. §8 i eigedomsskattelova). Dette betyr at innkrevjing tidlegst kan starte 2015 då det ikkje var endring i skatteobjekt pr. 01.01.2014.

Det framlagde driftsbudsjett er gjort opp med eit bruttodriftsresultat på kr 6.157.000 i 2015.

Bruttodriftsresultatet kjem fram etter at skattar, rammetilskot og andre inntektsposter er inntektsført med kr 175.797.000 og driftsutgiftene er utgiftsført med kr. 169.640.000. Renter/avkastningar, avdrag, eigerandel frå Elverket og avskrivningar er ikkje medtekne her.

Nettodriftsresultatet er i 2014 berekna til kr 3.880.000 eller 2,21 % i høve til driftsinntektene. Dette ligg litt under Fylkesmannen sitt mål om 3 % for kommunesektoren.

Rammetilskotet for 2015 er i sett til kr 42,9 mill. Det er ein auke på omlag 0,4 mill.kr. frå 2014. Desse prognosane er usikre i og med at endelege tal for rammetilskotet 2015 blir fordelt i februar 2016 avhengig av inntektsutjamninga som vert berekna fortløpande i 2015.

Eigedomsskatten er berekna for 2015-budsjettet til omlag kr 44,6 mill. kr. som er ein auke på kr 0,2 mill. i høve 2014, altså ein marginal auke.

Det er budsjettert med kr 46,5 mill. i skatt på formue og inntekt for 2015. Dette er ein auke på om lag 1,0 mill. kr. i høve budsjettet for 2014. Etter Rådmannen sin vurdering er desse prognosane svært usikre og ein må nøye vurdere skatteinntektene gjennom budsjettåret 2015.

Konsesjonsavgifta er på om lag 9,4 mill.kr. årleg.

Momskompensasjon som skal føres i drift er for 2015 berekna til ca. kr 5,8 mill. Momskompensasjonen som oppstår i investering vert fullt ut ført tilbake i investeringsregnskapet.

Kommunen sin lånegjeld

Renter og avdrag på løpande lån utgjer i 2015 hhv. kr 3,5 mill. og kr 5,4 mill. (inkl. startlån) til saman kr 8,9 mill. I desse beløp ligg kapitalkostnader til næringsbygg/infrastruktur som skal dekkast av kraftfondet, jamfør tidlegare vedtak i kommunestyret. Av nye lån som er planlagt tatt opp i perioden 2015-2018 er primært lån til flyktningbustader som utløyser tilskot frå Husbanken.

Pr 31.12.15 vil lånegjelda utgjere om lag kr 158 mill. (inkl. startlån på om lag kr 25 mill.).

Renteinntekter, avkastning og eigarutbytte (El-verket) er berekna til kr 6,2 mill. i 2015 – en nedgang på kr 2,7 mill. i høve til 2014. Bakgrunnen for reduksjonen er mellom anna at realisering av verdipapir som medfører lågare avkastning.

6. Driftsbudsjettet

Som omtalt under punktet om kommunen sin økonomi er Forsand i ein situasjon kor utgiftene aukar meir enn inntektene. Situasjonen har vært slik i flere år og det er ingen grunn til å tru at dette vil endre seg. En indikator for dette var årsregnskapet for 2013: Eit underskot på drifta på nærare kr 2,0 mill. Det er openbart det er naudsynt med ulike tiltak for å sikre balanse mellom utgifter og inntekter både i inneverande år og i åra som kjem. I kommunestyresak 62/14 blei kommunestyret orientert om dei innsparingstiltak som er satt i verk i 2014. Langt dei fleste av desse tiltaka vil fortsette i 2015. Rådmannen sitt fokus er å redusera veksten i utgifter og på nokre områder dei reelle utgiftene. Måten dette skal gjeres på er først og fremst gjennom nytenking og endringar i måten me jobbar på. Samstundes er det dessverre slik at Forsand kommune ikkje kan oppretthalde tenestetilbodet til innbyggjarane på dagens nivå på alle områder. Når til dømes stillingar er i vakanse og det ikkje blir leid inn vikarar så vil det få konsekvensar for brukarane. Utfordringa her er konstant å vurdere når konsekvensane blir for store i forhold til innsparingspotensialet.

Utgangspunktet for budsjettprosessen var kommuneproposisjonen for 2015 som blei lagt fram 13. mai 2014. Prognosen for Forsand kommune var ikkje oppmuntrande lesing: Det var ikkje venta ein auke i inntektene (rammetilskot, skatteinntang) til Forsand kommune. Med tanke på

lønns- og prisvekst var situasjonen den at vi reelt risikerte en nedgang i inntekter. Da rådmannen samstundes bestemte at det frå 2015 vil bli satt av en pott sentralt for å kompensere for lønnsoppgjer (tidlegere praksis var at seksjonane budsjetterte dette på egne områder) blei oppgåven for seksjonane å redusera budsjettet for 2015 med 2 % i forhold til nivået i 2014.

I juni 2014 var rådmannen sitt leiarforum på budsjettseminar. Med dei økonomiske utfordringane som bakteppe var punktet om nye driftstiltak i budsjettet for 2015 ikkje det temaet me brukte mest tid på. Det var likevel einigheit om å prioritera et nytt tiltak: Etablering av ny stilling til førebyggjande arbeid for barn og unge. Dette tiltaket er det einaste nye tiltak rådmannen leggjar opp til i budsjettet for 2015. Seksjonane har fått melding om at andre nye tiltak må dekkas innan eksisterande ramme for seksjonen.

Som vanlig var prognosane i statsbudsjettet for 2015 som ble presentert 7. oktober 2014 meir positiv enn kommuneproposisjonen – også for Forsand sin del. Forventa auke på skatt og rammetilskot er på 2,1 % tilsvarande kr 1,8 mill. frå 2014 til 2015.

Elles bør det nemnes at helse- og sosialseksjonen i budsjettet for 2015 har lagt inn en auke i tilskot frå staten i forhold til ressurskrevjande brukara. Bakgrunnen for auka er at ATO frå 2015 definerast som ein helse- og omsorgsteneste. Dette vil gje en markant auke i refusjonsgrunlaget.

Rådmannen sitt forslag til driftsbudsjett for 2015 vil innehalde følgjande større endringar i forhold til tidlegare:

- Seksjonane sine rammer reduseras med 2 %.
- Pott for lønnsoppgjer budsjetterast sentralt.
- Etablering av ny stilling til førebyggjande arbeid for barn og unge er inkludert i budsjetttramma for 2015.
- Forventa auke i statleg refusjon til ressurskrevjande brukara: Kr 1,0 mill.
- 10 % auke i årsavgiftene for vatn og avløp.

Det budsjetteras med eit nettodriftsresultat på 2,21 %.

I løpet av 2015 er det forventa å tilsette flyktningkonsulent. Tidspunktet for tilsetjinga avhenger av når dei første flyktningar kjem. Lønsutgiftene til flyktningkonsulent vil dekkjast av integreringstilskotet. Det er difor ikkje lagt inn en auke i budsjettet for 2015 i samband med dette.

Det vises til kommentarane frå seksjonane for ytterligare informasjon.

Nytt tiltak: Stilling til førebyggjande arbeid for barn og unge

Vi har dei seinare år hatt mange saker innan barnevern. Etter forvaltningsrevisjonen innan barnevern 2013/14, blei det gjort vedtak i kontrollutvalet og kommunestyret om at ein måtte sjå nærare på å driva meir førebyggjingsarbeid. Førebyggjande barnevern er eit kommunalt ansvar på tvers av seksjonar. Men slik det har fungert, har det blitt barneverntenesta som har hatt midlar til å kjøpe individuell foreldrerettleiing frå private aktørar ev kjøp av kurs til foreldre. I enkelte saker har barnevernet sjølv gitt råd og rettleiing.

Målsetting med nytt tiltak:

- Redusere talet på barn i barnevernet.
- Samordne tiltak på tvers av seksjonar.
- Reduksjon av barn/unge som slit psykisk.
- Jobba førebyggjande mot mobbing på skulen.
- Komme tidleg inn og gi rett hjelp til rett tid.

Stilling vurderast samorganisert med helsestasjonen, som pr. i dag er eit lågterskeltilbod. Stillinga skal også ha eitt overordna ansvar på tvers av seksjonane for førebygging og tidlig innsats. Samordne tiltak og medverka til at alle instansar jobbar «i same retning», felles målsettingar osv. Stillinga kan ivareta et lågterskeltilbod, der innbyggjarar kan ta direkte kontakt, og som instansar kan henvise innbyggjarar til/jobbe samnen med. Dette bør vera ein person som kan observera samspel og rettleie familiar individuelt, samt halde foreldrerettleiingskurs og samarbeide med både helsestasjon, skule, barnehage, fritidsklubben, etc. i forhold til uønska åtferd/samspelsvanskar. Samstundes skal det gjerer bruk av dei ressursane som me har med to tilsette som er under utdanning til Marte-Meo rettleiarar. Når det gjeld formell kompetanse ønskjer ein primært høgskuleutdanning, men det viktigaste er erfaringskompetanse på mellom anna dei nemnte områda og personlege eigenskapar. Det er viktig med ein fleksibel person med tanke på arbeidstid, då det er viktig å komme heim til familiar på deira arenaer og når barn/unge er heime.

Kommentarar frå seksjonane

Sentraladministrasjonen:

I all hovudsak er driftsutgiftene ved sentraladministrasjonen vidareført for 2015 på linje med nivået for 2014 med følgjande unntak:

- Det er føretatt mindre justeringar i samsvar med erfaringstal for inneverande år
- Post på personalkontoret til seniorløn er tatt bort (kr 250.000 i 2014). Dette inneber at det ikkje er rom for retrettstilling slik seniorreglementet opnar for. Dette tiltaket er pr. i dag ikkje aktivt.
- Kostnadene til lærlingar er noko oppjustert i samsvar med erfaringstal. Pr i dag har kommunen 4 lærlingar som er ein meir enn budsjett. Talet vil bli justert ned til 3 frå sommaren av.
- Den store endringa på driftsområdet er innan sentral IT der kommunen frå sommaren 2014 har inngått samarbeid med Stavanger kommune. Etter avtalen skal dette gje reduserte driftskostnader og auka kvalitet. Full oversikt over dei økonomiske konsekvensane vil me ikkje ha før etter eit halvt års drift. Overgangen til Stavanger inneber at kommunen må oppjustere maskinpark og infrastruktur/linjenett i samsvar med Stavanger sitt nivå. Det er på gang ny linje frå Bergekrossen til kommunehuset og mellom kommunehuset og Forsandheimen før nyttår.

Barnehagen

Barnehagen har hatt ein liten reduksjon i barnetalet frå våren 2014 til hausten 2014, og det ser ut til at det blir ein ytterligare nedgang i barnetalet frå august 2015. Barnehagen har allereie hausten 2014 redusert bemanning, då det ikkje lenger er barn med spesielle

behov i barnehagen, som treng timar med ekstra assistent. Redusert bemanning hausten 2014 er utført ved å ikkje nytte vikar ved alle permisjonar.

På bakgrunn av låge fødselstal og dagens situasjon, der ingen barn har vedtak om spesialpedagogisk hjelp, har barnehagen budsjettert under ramma for 2015.

Budsjett for 2015 er: Kr 9.662.000

Ut frå forventa nedgang i talet på nye søkerar, ser det ut til at barnehagen kan redusere bemanninga med om lag 2 stillingar frå august 2015.

Dersom det blir auka tilflytting eller barnehagen får inn barn med spesielle behov, vil situasjonen endre seg, og det vil vere behov for bemanning utover det som det er budsjettert med.

Helse- og sosialseksjonen

Det blir jobba med å få endringar i forhold til funksjonshemma barn. Det betyr at tenestene dei mottar i ATO blir definert til helse- og omsorgstenester. Det er i hovudsak denne type tenester dei får i tillegg til spes.ped.timar.

Det blir halde 30 % stilling innan psykisk helse vakant.

Barnevern: Ingen rom for nye tiltak for barn/unge. Ingen budsjetterte midlar til advokat/psykolog. Stopp i saksrettleiing av psykolog i barnevernet. Ved omsorgsaker vil ein måtte be om tilleggsføringar.

Legevakt/naudmeldetenesta redusert frå kr 1,3 mill. til kr 0,65 mill. Dette føreset ny legevaktsavtale med ei lågare dekking prosentvis enn pr. i dag. Desse kostnadane rår helse- og sosialleiar ikkje med. Dette krev at rådmennene i kommunane finn ein ny fordelingsnøkkel på kostnadane.

Pga. legane sin avtale med KS, har legane rett til fri heile dagen etter vakt ved utrykking etter kl. 23.00. Det skjer tilnærma alltid i følgje kommuneoverlegen. Dette betyr at det er legemangel på 40 % (gjennomsnitt 2 dagar pr veke). Noko som også medfører tap av inntekter. Dette har det ikkje vore plass til i budsjettet, og det er uvisst kva konsekvensar dette kan få ved legekantoret.

Økonomisk stønad baserer seg på å ta barnetrygda inn som inntekt i sosialhjelpssatsen. Fleire kommunar gjer dette, medan andre kommunar lar familien behalde 2 eller eventuelt 3 barnetrygder. Det strir mot statlege føringar i forhold til barnefattigdom å la dei mest økonomisk vanskeligstilte få mindre, men det er mulig å gjennomføre. Vidare setjast det tak på kva husleige ein godkjenner i forhold til familiestorleik.

Funksjonshemma: Omlegging av turnus på prosjekt enkeltperson, gir innsparing med kr 130.000 for kommunen men utgjør ein 100 % stilling. Dette fordrar at nattevaktene i PLO har ansvaret for brukaren frå kl. 22.00 til kl. 7.30. Det knyter seg stor usikkerhet til korleis brukaren vil reagere på omlegginga, då dette kan innebære at vedkommande ikkje har gått til sengs, når det vanlege personalet går av vakt.

Kutt i støttekontaktenesta, kor terskelen for eldre i institusjon/omsorgsbustadar blir først ramma, men også personar med psykiske problem. Dette gir en innsparing kr 100.000.

Kulturseksjonen

Innsparingstiltak 2015 blir dekket innføre; utsett opningstid for kafé Mulen på hausten, avvikling av tilskot til Ryfylkemuseet og mindre nedskjeringar på fleire kulturtenester.

I budsjettet for 2015 prioriterer seksjonen kulturskulen. Behov for å leggja til rette for god undervisning og styrka kulturskuletilboda for dei 130 elevane. All undervisning føregår på ettermiddag/kveld. Kulturskulen slit med nok undervisnings- og konsertareal i eksisterande lokale. Supplerer derfor med dramaundervisning i kulturhuset. Har i dag bare eit piano av fullgod undervisningskvalitet. Elevtalet er fullt, med 12 på venteliste. Har behov for to nye piano, totalkostnad kr 75.000. Er ikkje funne rom for dette innan ordinær budsjetttramme.

Ryfylkemuseet har kome med søknad om auka driftstilskot frå kr 40.000 til kr 50.000. I framlegg til budsjett 2015 er heile driftstilskotet på kr 40.000 tatt ut i samsvar med innsparingstiltak 2015. Uavhengig av eit pågåande dokumentasjonsprosjekt om krafthistoria i Lysefjorden, forventar kommunen større innsats av regionsmuseet lokalt her i Forsand.

Friluftsliv/tiltak. Årlege avsette budsjettmidlar til drift harmonerer ikkje med opprustings- og vedlikehaldsbehov når det gjeld alle tiltaka kultur har ansvar for. Driftsmidlar for 2015 er kr 22.000, var kr 18.000 i 2014. Fram til oktober 2014 hadde kulturseksjonen eit overforbruk på kr 50.000. Er i tillegg fleire tiltak som skulle vore gjennomført. Dess fleire nye investeringar i friluftsområda, dess større utgifter å drifta desse.

Investeringsbudsjett 2015

Kr 400.000 ombygging av kulturskulen sine lokale. Lite funksjonelle i dag etter nærare 30 år i same lokala. Har behov for auka kapasitet og betre lydette øvingsrom – og dørrar, kontorplass for tilsette, ny scene med teppe/lysrigg og større lagringsplass. Kr 250.000 ombygging av kinolokalet. Dramagruppa aukar elevtalet årleg, har vakse ut av dei gamle lokala. Sambruker derfor kinolokalet i kjellaren på kulturhuset. Behov for nedseinka tak, takplater som dempe støy, scene med ramme rundt «blackbox».

Pleie og omsorg

Seksjonen tek sikte på å drive innafor den same standard når det gjeld dei tenestar vi har ansvar for. Det er institusjonstenestar, heimesjukepleie, heimehjelp, kjøkken, vaskeri, fotterapi og ergoterapi. Den økonomiske ramma er stramma inn med vel kr 0,5 mill., men det skal gå greitt.

I skrivande stund har vi fortsatt ledig plass i institusjon og det er fleire ledige leiligheter. Smådriftsulempane gjer at vi ofte ikkje kan hente ut effektivitet på tross av færre tenestemottakarar. Vi fokuserer på førebygging bla gjennom kvardagsrehabilitering og trimgrupper. Vi er fortsatt med i prosjekt ang velferdsteknologi saman med Hjelmeland og Strand.

Det tas sikte på oppstart av øyeblikkelig-hjelp-senger som interkommunalt tiltak frå 1. september 2015, som vi er pliktig å ha på plass innan 01.01.2016. Desse sengene er fullfinansiert. Sak til politisk behandling vil føreligge våren 2015.

Heimetenesta har stort sett same tall på brukarar. Det blir produsert færre middagar på kjøkkenet, og der er det også komplisert å hente ut effektivitet.

Vi har inga problem med å skaffe kvalifisert personell i faste stillingar. Vikariat og tilkallingsvikarar er derimot utfordrande.

Skule

Forslag til redusert ramme for skulen vil medføra at me knip inn på bruk av personale der det kan gå, f eks la vera å setja inn vikar ved fråvær når me har to-lærarsystemet. Konsekvensen er at elevane vil få noko dårlegare læringsvilkår som i kvart tilfelle vil vurderast opp mot kva som er forsvarleg. Ved fråvær der ein må setja inn vikar, vel ein den rimelegaste, viss ein har valmoglegheit.

Drifta ved skulen må vera nøktern heile året. Det må planleggjast godt for å ha god oversikt. Innkjøp av nødvendig materiell må prioriterast, eventuelt fordelast over lengre tid og må gjerast rimelegast mogleg. Kursdeltaking må haldast på eit minimum. Dyre kurs og kurs med overnatting må styrast unna. Skulen bør halda fram med å vera med i statlege utviklingsprogram der det fylgjer midlar med.

Teknisk

Budsjettforslaget er ein reell nedgang frå inneverande år på om lag ein halv million kroner og er difor stramt. For å oppretthalde teneste- og vedlikehaldsnivået på same nivå som tidlegare, har det blitt små kutt på fleire felt samt føreslott 10 % auke i årsavgiftene for vatn og avløp.

Andre gebyr og betalingsassar har fått eit påslag på 2,5 %. Mykje av gebyra er aktivitetsstyrt. Dersom den relativt låge aktiviteten på byggesida held fram slik me opplever per dato, kan det bety faktisk inntektssvikt utover i 2015.

Dersom seksjon Teknisk må ytterlegare ned på ramma vert det nødvendig å gå laus på tenester og/eller ta ned innsatsen på vegvedlikehald og bygningsmasse.

Sal av eigedom og bygningsmasse

Kommunestyret behandla i juni 2014 sak om Forvaltning og vedlikehald av kommunale eigedomar og bygningsmasse. Vedtaket og signala i debatten gjekk på to forhold:

- det skal vere ei prioritert oppgåve å ha eit godt vedlikehald av eigedomar og bygningsmasse
- sal av eigedom og bygningsmasse for å redusere vedlikehaldskostnadar samt hente inn kapital til nyinvestering

Følgjande eigedomar og bygningsmasse er aktuelle for avhending:

- skulehuset på Byrkjeland
- hytte ved Åsen
- den gamle barnehagen og lensmannsbustaden
- den gamle skulen i Songesand
- fretexbygget
- samfunnshus og fotballbane Skogabakka

Me legg opp til å starte sals-prosessar i takt med at det enkelte objekt kan fristillast for dette.

I tillegg bør næringsbygget i Bergekrossen innreiast ferdig og marknadsførast til utleige. Me viser til investeringsbudsjettet når det gjeld investeringsmidlar for ferdigstilling av næringslokala i Bergekrossen.

Andre forhold

Forsand Sokneråd

Iflg. Lov om Den Norske Kyrkja, skal kommunane yte tilskot til drift av kyrkjegarder, kyrkjekontor. For 2015 er tilskotet på kr 2.464.000.

Revisjon/kontroll

I samsvar med tilråding frå kontrollutvalet er det ført opp eit samla budsjett på kr 700.000 inkl. m.v.a. for kontroll og tilsyn i 2015.

7. Investeringsbudsjettet

Rådmannen sitt forslag til investeringsbudsjett er å rekne som eit «tradisjonelt» investeringsbudsjett. Kommunestyret har samtidig gitt signaler om at det er ønskeleg at det byggas varige verdiar fram mot en sannsynleg kommunesamanslåing. I samband med at Forsand kommune har starta en prosess om ny kommunestruktur med Strand og Hjelmeland vil rådmannen jobba vidare med strategiar og planar for en auke i investeringstakten. Rådmannen vil leggje til rette for involvering av kommunestyret slik at føringane frå det politiske nivået kan bli meir konkrete.

Det er gjort framlegg om å investera for kr 70,5 mill. i 2015 og kr. 88,8 mill. samla i perioden fram til 2018.

Investeringane i 2015 er vist på eige investeringsbudsjett (økonomiplanen) og er tenkt finansiert slik:

Tall i kr 1000

Lån	49.005
MVA	3.960
Kraftfond	2.300
Kapitalfond	2.250
Disposisjonsfond	12.943
